

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik



Nr. 1 | mars 2022 | Årgang 64



God påske!

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

ULVIK KYRKJEKONTOR:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiarkyrkjeverje:

Willemina van Manen

Tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917

kyrkjeverje@ulvik.kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk ebryk@interia.pl

Tlf.: 967 42 927

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Berge Aarvik

Tlf. 452 28 287 / tiljorunn@gmail.com

Søndagsskolen: Linda Van Moere 943 85 859

Babysong: Kjersti Johanne Nybø: 916 02 028

Kyrkjetenar: Jan Arvid Gjøen, tlf. 954 69 903

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

EIDFJORD KYRKJEKONTOR:

Lægredsvegen 24, 5783 Eidfjord

Telefon: 53 66 52 51

Kyrkjeverje:

Irene Viveli, irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjetenar:

Christian Bouvain, christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Sekretær:

Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Kari Tveit Hovland, telefon: 970 62 477

SOKNEPRESTAR:

Eidfjord:

Johannes Pettersen, 53 66 52 51 / 913 40 828

johannes@eidfjordkyrkje.no

Ulvik:

Magnar Haaland, Tlf. 415 46 366 / mh977@kyrkja.no

Eller kontakt:

Voss kyrkjekontor – prosten, telefon: 56 52 38 80

REDAKSJON FOR KYRKJEBLADET:

Kyrkjeverje Irene Viveli, Wilma Bergman og Kjersti Næsheim. Kyrkjeverje Willemina van Manen, Knut Nes og Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør:

Steinar I. Berge, tlf. 908 41 077

steinar.bergo@ulvik.org

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 661653

Bladpengar kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gåver til kyrkjebladet.

Takk til alle gode støttespelarar i Eidfjord og Ulvik!

Tale i Ulvik Kyrkje

Da jeg hadde konfirmanter, begynte jeg første møte med setningen: Jeg tror ikke Jesus har levd. Var det noen litt dristige, fikk jeg gjerne reaksjonen: «Og du skal være prest!»




AV JARLE VELAND

Så måtte jeg si at dette var ikke noe jeg trodde, men noe jeg vet. At Jesus har levd er et historisk faktum. Allerede år 64 får de kristne skylden for at Roma brant. Da var det altså litt over tretti år etter Jesu død og oppstandelse, blitt en så stor gruppe kristne i Roma at de ble lagt merke til. En kan ikke dikte opp en person 30 år etter hvor folk heller vil la seg drepe enn å avsverge ham. Og Paulus som vi ser på veggen i kirken, skriver sitt første brev litt over 20 år etter påskemorgen. Jesus har levd. Han ble drept ved korsfestelse, og graven han ble lagt i var tom tre dager etter. Evangeliene forteller historien om ham, og små detaljer her og der røper at historiene går tilbake til øyenvitner. Johannes forteller om den tomme graven med en detalj: Men på den første dagen i uken kom Maria Magdalena tidlig til graven, mens det ennå var mørkt. Hun så da at steinen var tatt bort fra graven. 2. Hun løp av sted og kom til Simon Peter og til den andre disippelen, han som Jesus elsket, og sa til dem: De har tatt Herren ut av graven, og vi vet ikke hvor de har lagt ham. 3. Peter og den andre disippelen gikk da av sted og kom til graven. 4. De to løp sammen, men den andre disippelen løp i forveien, fortore enn Peter, og kom først til graven. 5. Han bøyd seg ned og så linklærne ligge der, men han gikk ikke inn. 6. Simon Peter kom nå etter, og han gikk inn i graven. Han så linklærne som lå der, 7. og at svedteduken, som hadde vært på hodet hans, ikke lå sammen med linklærne, men var lagt sammen på et sted for seg selv. 8. Da gikk også den andre disippelen inn, han som var kommet først til graven. Og han så og trodde. Han forteller en detalj som vi ser på altertavlen i Ulvik. Om et tøyestykke den døde Jesus ble lagt i. Jeg tror jeg har sett det. I byen Torino var jeg 2-3 meter fra det tøyestykket som Johannes-evangeliet forteller om. Det er jeg overbevist om. Dette kledet har vært studert opp og i mente av en mengde eksperter. Det viser et bilde av et korsfestet menneske. Det er ikke malt på, og det er ikke avtrykk. Ingen har kunnet forklare hvordan det er oppstått. Eneste minus er en karbondatering, men den kan ha truffet der kledet ble reparert. Ellers stemmer alt. Jeg pleier

FRAMSIDA: Ragnhild Kleivkås har teikna framsida. Ho kjem opprinneleg frå Nesna, men har budd i Øvre Eidfjord i over 50 år. Tusj og akvarell er det ho driv mest med, men og oljemåling. Bileta hennar er ofte humoristiske og med slagferdige tekstar. Biletet syner Ragnhild i hagen til Henri Matisse, Vence i Sør-frankrike



Nettopp du gjer at me held hjula i gang! Takk til annonsørane våre for støtta, og me oppmodar bygdefolka om å støtta dei igjen!



Altertavla i Ulvik kyrkje.

å si at enten er det ekte, ellers må vi tro på tidsreiser. At noen fra middelalderen reiste til vår tid og gjorde seg kjent med vår tids vitenskaplige metoder for undersøkelse.

Men så var det jo nevnt to tøyestykker. Hva med det andre? Hvor ble det av? Noen tok vel vare på det også. Jeg tror det er i Ovedio i Nord-Spania, og når pandemien måtte være over, er det et mål å komme meg dit. Tøyestykket er et slikt som i jødisk tradisjon ble lagt rundt hodet til en død. Det har også vært grundig gransket, og historisk kan vi følge det på veien via Nord-Afrika til Spania. Begge har samme blodtype, den sjeldne AB, begge har vært på samme person som er død slik korsfestede dør, og begge har vært i Jerusalem. Det siste viser pollen som kun finnes rundt Jerusalem.

Det er forunderlig at disse får et fokus på seg nå som vi vitenskaplig har mulighet til å granske dem så grundig som det er gjort.

Kanskje sto Jesus virkelig opp? For min del kommer jeg ikke utenom å tro det. Den historien har jeg gransket så kritisk som jeg har evnet. Så for min del, når jeg ved en gravferd sier: «Av jorden skal du igjen oppstå», så sier jeg det med mening. I tro og håp om at den korsfestede og oppstandne Jesus Kristus en dag ved tidenes slutt skal dele sin seier over døden med oss.

**Har dere rom for en til i familien?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet?
Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på fosterhjem.no

Illustrasjon: foto

Kyrkjebladet si historie

Kyrkjebladet kunne gått av med AFP for to år sidan, men held fram så lenge det har interesse, økonomi og folk som skriv.



Det var sokneprest Christoffer Johnsen som tok initiativ til å starta bladet. Han vart prest i Ulvik, Granvin og Eidfjord, og innsett 7. mai 1959. Innsetjinga i Ulvik kyrkje var den same dagen som kyrkja høgtida 100-årsjubileum! Det fyrste nummeret ser du over.

Johnsen var prest i dei tre sokna fram til 1965. Det er mange som hugsar han som konfirmantprest, og han finst på mange konfirmasjonsbilete tekne utanfor kyrkjene. Her er redaktøren sitt konfirmasjonsminne i Ulvik frå 28. april 1963:



Ein del vil kjenna att konfirmantane frå 1963, men alle bygdene hugsar Cristoffer Johnsen.


Kyrkjebladet vaks seg større og fekk ei anna utforming. Framsida fekk teikningar av dei tre kyrkjene, og folk i kyrkjelydane byrja å støtta bladet med å betala for abonnementet. Namnet var heilt enkelt «Kyrkjebladet». Bladet har alltid stått på egne bein økonomisk. I 1968 vart Eidfjord skilt frå og knytt til Ullensvang. Granvin og Ulvik heldt fram med felles prest og samarbeid om kyrkjebladet.



Prestane var redaktørar så lenge det var fastbuande prestar i Ulvik. Då prestane vart buande på Voss og fekk kontor der, vart det vanskeleg for dei å vera redaktørar for Kyrkjebladet. Endå verre vart det då Granvin kom under Voss i 2020. Men prestane, som no bur på Voss, gjer framleis teneste både i Ulvik og Granvin.

Mange i Granvin og Ulvik har vore med i redaksjonen for Kyrkjebladet, ein felles redaksjon for dei to soknene med møte i Granvin eller Ulvik. Då presten flytta frå Ulvik, vart det krise for Kyrkjebladet. Eif frå Granvin og noverande redaktør vart i lag med Nina Fjeld på kyrkjekontoret i Ulvik ein slags «kyrkjeblad-gerilja» som gav bladet «kunstig andedrett» i nokre år. Så vart gravensarane «vossingar», og spørsmålet vart korleis ein skulle halda liv i bladet praktisk og ikkje minst økonomisk. Løysinga vart samarbeidet med Eidfjord!

«Brubbyggjaren» vart namnet etter framlegg frå Eidfjord, og dei laga ein flott logo! Namnet har meir enn ei tyding.



Daniel med det fyrste bladet som vart laga. Det kom ut til jol i 1959. Han har alle dei andre óg!



Kyrkjjetenar



Tenar er eit ord som viser at nokon har omsorg for andre og er ein hjelpar når det trengst.

TEKST & FOTO: REDAKTØREN

Det høver godt på Jan Arvid Gjørn som har vore kyrkjjetenar i Ulvik i mange år. Den 22.03.22 fyller han 75. år. Sjølv om han er frisk og rask, så seier regelverket at ein skal gå av ved 70. år. Men som vikar har han vore til hjelp i Ulvik i fem år ekstra. Folk har møtt han i mange høve som ein stillfarande, hyggeleg mann med jakke og slips. Han har teke imot deg med ein smil, gjerne eit handtrykk, så lenge det var lov. Me kan ikkje sleppa Jan Arvid utan at me får ein prat om livet i Ulvik og som kyrkjjetenar. Soknerådsleiar, Knut Nes, syntest ein prat i sakristiet var høveleg. Det er nesten som eit kontor for ein kyrkjjetenar. Redaktøren bad om «å få vera floge på vegg» i lag med alle prestebileta!

Jan Arvid kom til Ulvik i 1980 og byrja å jobba i Ulvik herad. Når det gjeld kyrkjelege verv, så fortel han at han var soknerådsleiar i til saman 6. år, før han byrja som kyrkjjetenar. Fyrste tida var han vikar for Erling Hakestad. I juni 1998 vart Jan Arvid tilsett som kyrkjjetenar, og det har han vore fram til no. I 6 ½ år i denne tida var han og tilsett i Granvin. Jan Arvid og kona budde lenge i eige hus på Hydle, og det vart mange turar ned og opp att Gjelet for å gjera jobben. Travlegast vart

det dersom alarmen gjekk nattetid. Dei seinare åra har dei hatt husvære i Fjordterrassen etter å ha selt huset. Soknerådsleiarer meiner det er viktig at folk får veta litt om arbeidet til ein kyrkjjetenar i Ulvik, og Jan Arvid listar opp dei viktigaste gjeremåla:

- Flaggheising og nedtakting ved ulike kyrkjelege handlingar.
- Syta for at kyrkja er varm.
- På altaret skal det riggast til og leggjast på ulike dukar alt etter tid på året og handling i kyrkja.
- Dåpsbarnet skrik gjerne under dåpen, men aldri fordi kyrkjjetenaren har feil temperatur på dåpsvatnet!
- Elektronikken har gjort sitt inntog i kyrkja og er vorten meir avansert med åra. Ved brann går alarmen og stoggar ikkje før folk er på plass. Innbrotsalarmen varer eit kvarter, før han slår seg av sjølv. I rommet før sakristiet er det ein kode for å koma vidare inn i kyrkja. På loftet må du ha ein kode for å stilla ringinga og opna kyrkjelukene automatisk. Ved dei ni slaga etter gudstenesta må kyrkjjetenaren trykkja på ein knapp ved sida av orgelet.

Jan Arvid sluttar med å seia at å vera kyrkjjetenar er å møta folk i sorg og i glede. Han har møtt folk i mange ulike livssamanhangar. Det er mange minne han har med seg no når han for alvor vert pensjonist. Han har lova å hjelpa den nye kyrkjjetenaren i starten.

Me takkar for praten og ynskjer han lukke til som pensjonist!

Ferie utan koffert

«Det er det kjekkaste eg har vore med på lenge.» «Det var ei veldig kjekk veke.» «Eg gler meg allereie til neste ferie.» Det var berre nokre av tilbakemelding me fekk etter ei variert aktivitetsveka i Eidfjord kyrkje.

TEKST OG FOTO: MANUELA BJOTVEIT

Alle i staben stilte opp då pensjonistane vart inviterte til «Ferie utan koffert». Tone, Irene og Christian sørge for at ingen gjekk heim svolten. Det var både lunsj og middag kvar dag. To gonger fekk me òg god middag på Fjell og Fjord hotellet. Johannes og Kris stod for musikken. Johannes tok ofte gitaren fram i pausane og kom med eit musikkinnslag eller ei morosam forteljing. Han laga til ein musikkquiz. Kven kjende songane frå 50-talet best? Musikalsk innslag kom òg frå Ingeborg Wijland. På sin heilt unike måte tok ho oss med på ei reise til Nederland. Korleis er det eigentleg å koma til Eidfjord som utlending? Når ein er på ferie, er det jo kjekt å læra litt om andre land. Difor fortalde eg om heimbyen min. Mattradisjonar står ikkje berre sterkt i Hardanger, men òg i Stuttgart. Det måtte eg jo fortelja om, og sjølvsgatt hadde eg med ein liten smakebit. Onsdag var det endeleg litt fint vêr, då passa det med ein liten spasertur i Eidfjord. Men før det, var me så heldige



Kva heitar denne songen og artisten? Engasjementet var stort under musikkquizen, herrar mot damer.

få få besøk av småbarnskaféen. Fire blide babyar gledde seg over babysong. Då blei alle varme i hjarta. Ved hjelp av film fekk me mimra over gamle dagar. Har du vore på Kjeåsen og Besso turisthytta? Stor takk til Svein Haugen som hadde med film og bilete frå fjellet. Med hjelp av Anita Limstrand fekk me slappa heilt av. Ei roleg avspenningsøkt stod på programmet på torsdag ettermiddag. Det gjorde godt for kropp og sjel. Høgdepunktet var nok siste dagen. Agnete Sivertsen frå Hardanger Museum tok oss med på ei reise bakover i tida og fortalde bunadshistorie. Skautet var sjølvsgatt òg del av historia. Utruleg kor mykje arbeid som ligg i fellinginga av sørfjordskautet. Lars O. Bleie hadde med seg si nye bok «Glimt frå barndommen». Han las fleire forteljingar frå boka. Det var veldig kjekt å høyra på. Og så gjekk me opp til gamle-kyrkja. Det var berre 6 grader der, men for ei oppleving. For å høyra Rannveig Djonne på toradar i gamle kyrkja var det verdt å frysa litt. Ein smakebit av konserten kan du sjå på facebookside vår, Eidfjord kyrkje.

Me seier tusen takk for ei veldig kjekk veke. Alle har kosa seg på jobb. Og me gler oss til neste gong. Fordi det er sikkert, denne suksessen skal me i alle fall gjenta.



Det vart nok felt nokre tårer då Ingeborg song "Tulipanar frå Amsterdam" og "Når det blomstrar i Hardanger".



Utruleg flott konsert med Rannveig Djonne i gamle- kyrkja.



Barnelatter varmar kvart eit hjarta.



Bunadshistorie er faktisk ganske interessant, òg for mannfolk, spesielt når Agnete Sivertsen fortel.

Fredagen var me i Gamlekyrkja. Her ein liten tekst saksa fra jubileumsboka til Eidfjord kyrkje:
Reserverte, faste plaser i kyrkja var ukjent i katolsk tid. Det var ein skikk som kom inn samstundes med at folk fekk setja seg. I 1896 sende ein lærar i Øvre Eidfjord brev til soknerådet der

han gjekk i rette med skikken. I brevet skreiv han at det burde verta slutt med denne nedverdiggande skikken, og sluttar brevet med desse orda: «Thi udenfor kirkens mure ere vi dog alle lige.» Han meinte at det burde dei vera inne òg. Etter dette vart det slutt med faste plassar.



Mat skapar felleskap. Me fekk god mat både på hotellet, men òg frå kjøkkenteamet i kyrkja.



Barndommen på Bleie var slett ikkje keisam.



Fasteaksjonen: 3.–5. april 2022

Kirkens Nødhjelp markerer 75-års jubileum i 2022, med *håp* som overordna tematikk. Fasteaksjonen er ein viktig del av markeringa, og har fått tittelen «*Håp i ein dråpe vatn*».

På vegne av kyrkjene i Noreg, arbeider Kirkens Nødhjelp med å sikra at menneske i naud får tilgang til vatn, hygiene- og sanitære løysningar. Dette har vore tema for Fasteaksjonen sidan 2015. I 2022 har me òg eit særleg fokus på klimatilpassa jordbruk, gjennom vatning via dryppsystem. Dråpane frå røyra gjev liv og vekst, som igjen gjev inntekter og mulegheit for å forsørgja seg og sine. De vil verta særleg kjende med arbeidet vårt i Malawi, der me mellom anna møter Takondwa Phanga, som er på biletet over. Han er agronom, og lærer bort moderne jordbruksteknologi til småbønder for å bekjempe svolt og fattigdom.

Me gler oss til å saman mobilisera, slik at fleire menneske får tilgang til vatn! Lukke til med aksjonen, og takk for at du er med og hjelper!!

Aksjonsdag i Ulvik: 5. april. I Eidfjord: 5. april.

Bruk sentralt vipps nr.: 2426 Eller bankgiro.
Ev. lokal bankgiro. Merk då med Fasteaksjonen/
sokn.



Takk for gåva! Me kjem tilbake med resultat for kvar av soknene i Brubyggjaren nr. 2.

Klenodium frå prestegarden i Ulvik

Kyrkja i Ulvik har ei lang soge. Ulvik hadde jamvel stavkyrkje fram til 1710.

TEKST: ULVIK KYRKJEKONTOR, STATSARKIVET OG RED.

I Noreg var det ein gong om lag 1000 stavkyrkjer. Dei forfall eller vart jamvel sett på som umoderne. I dag har me 28 stavkyrkjer att. I Ulvikkyrkja har det i seinare tid vore utstilt ein kopi av portalen i stavkyrkja i Ulvik. Treskjærmeister Rolf Taraldset frå Horningdal har fullført arbeidet med nyskåren portal frå Ulvik stavkyrkje. Portalen er med sine fantastiske utskjeringar omtala som kyrkjekunst på høgd med dei beste i Europa. Originalen ligg på historisk museum i Bergen.



Knut og Jan Arvid tømmer safen. Foto: Red.



Portal frå Ulvik stavkyrkje. Foto: Willemina van Manen



Kenneth Bratland og Lillian Koehler frå Arkivverket Statsarkivet lar seg begeistra over dei gamle biblane. Foto: Willemina van Manen

II prestegarden i Ulvik budde det lenge prest som hadde Ulvik, Eidfjord og Granvin som sine prestegjeld. I seinare tid Granvin og Ulvik. No bur det ingen prest i bustaden lenger, men bustaden er leigd ut til lokale folk i bygda. Den store safen i Prestegarden måtte tømast. Det vart gjort av soknerådsleiaren, kyrkjetenaren og redaktøren for eit par år sidan. Alt vart transportert til kyrkjekontoret til gjennomsyn. Det viste seg å innehalda mange verdfulle bøker og mykje stoff som dokumenterer liv og virke i sokna. Prest og kyrkjeverje i Ulvik har sett på materialet og hatt besøk av Arkivverket Statsarkivet i Bergen. Her er ein god del som det sistnemnde vil ta vare på. Dette vert seinare gjort tilgjengeleg på nett. Kyrkjeverja i Ulvik skriv om møtet med Kenneth Bratland og Lillian Koehler frå Arkivverket Statsarkivet i Bergen.

Det var ei veldig hyggelig stund, både Kenneth og Lilian var veldig begeistra over alle dei gamle biblane som låg på organistenkontoret. Eg hørte heile tida, «ooh» og «aaah», og «sjå på det!!!!» Det enda med at dei gamle biblane vart sende til Universitetsbiblioteket i Bergen, Seksjon for Spesialsamlinger. Her vert dei tekne godt vare på. Det må nemnast at biblane både er frå Granvin og Ulvik sokn. Arkivverket tok med seg ein del gamle kyrkjebøker. Dei vert digitaliserte, og opplysningane vert tilgjengelege for dei som er interesserte i slektsgranskning. Men me må rekna med minst 2 år, før dette er klart. Imellom- tida kan eg berre ta kontakt med Kenneth, om det er noko eg lurar på. Fekk allereie tilsendt scan av jubileumkonfirmantar. Så dette funkar! Her vert det på sikt råd å studera kyrkjehistorie frå soknene våre!



Foto: Willemina van Manen

Rapporten frå Arkivverket Statsarkivet i Bergen ser slik ut:


Ulvik kyrkjekontor

– avlevering til Statsarkivet i Bergen 19.11.2021:


- Kirkebok for Ulvik døde 1916-1978
- Kirkebok for Ulvik døpte 1923-1989
- Kirkebok for Ulvik i Ulvik konfirmerte 1892-1935
- Kirkebok for Ulvik i Ulvik konfirmerte 1936-2012
- Kirkebok for Ulvik i Ulvik vigde 1919-1984
- Kallsbok Ulvik prestegjeld 1875-1975
- Sokneråd Ulvik Møtebok 1972-1978
- Sokneråd Ulvik Møtebok 1978-1981
- Sokneråd Ulvik Møtebok 1981-1987
- Sokneråd Ulvik Møtebok 1987-1991
- Sokneråd Ulvik Møtebok 1992-1997
- Sokneråd Ulvik Møtebok 1997-2001
- Journal for soknepresten i Ulvik 1960-1990
- Journal for soknepresten i Ulvik 1990-2003
- «Til bruk ved konfirmasjonsforberedelser» med navn på konfirmanter 1923 (beregnet) -1934
- Ulvik Prestegardstilsyn – forhandlingsprotokoll 1933-1999
- Løst materiale fra Hjeltnes børnestiftelse
- Regnskapsprotokoll/møtebok for Hjeltnes børnestiftelse og H.C. Andersen gåva 1933-2003
- Ulvik misjonsforening 4 referatprotokoller 1968-2004

Følgende er igjen i safen i kyrkjekontoret:


- Kirkebok for Ulvik i Ulvik 1979-2012 døde
- Kirkebok for Ulvik og Granvin i Ulvik, innmelde og utmelde 1976-2011
- Kirkebok for Ulvik i Ulvik vigde 1985-2004
- Kirkebok for Ulvik i Ulvik 1990-2012
- Kirkebok for dagsregister Ulvik prestegjeld 1979-1983




Klarer du å lesa skrifta frå 1688?



Legg merke til skrifta og årstalet med romartal.



Altarbok frå dansketida 1380 – 1814



Fullmakt til presten i Ulvik prestegjeld frå 1875.



Ein godt brukt skinnbibel.



Songglede

TEKST OG FOTO: MANUELA BJOTVEIT

Endeleg har me i Eidfjord fått eit kjekt lite barnekor att. Songglede heiter barnekoret. Og akkurat song og glede står sentralt. Me møtest til to prosjekt på våren og to til hausten. Det er plass til fleire glade songfuglar. Alle mellom 4 og

10 år er hjarteleg velkomne. Neste øvingar: tysdagar kl. 17.00 – 18.00 (19. april / 26. april / 03. mai). Neste konsert: samtalegudstenesta onsdag 4. mai kl. 18.



Heile Eidfjord sin dåpskjole!

TEKST OG FOTO: IRENE VIVELI OG MANUELA BJOTVEIT

Dåpen er for mange familiar ein viktig dag i løpet av småbarnslivet. Det er ofte første dagen til babyen at heile familie blir samla og alle skal kle seg i finstas. Dåpskjolen går ofte i arv og blir brukt i mange generasjonar. Men kva skjer når det ikkje finnest dåpskjolen i familien? Då har me ei skikkeleg gladnyheit å koma med: Me har no dåpskjole til utlån i Eidfjord kyrkje. Alle som døyper barnet sitt i Eidfjord kyrkje, kan låna kjolen. Kanskje denne kjolen også på sikt kan bli brukt av fleire generasjonar.

Kjolen er veldig flott. Marte Seip har sydd nydeleg hardangersaum på. Kjellaug Enge har sydd saman kjolen, og Hardanger Flid sponsa stoff og trå. Eidfjord sokneråd rettar ei stor takk til alle tre!

VER MED PÅ PÅSKEGYM

Kast ein terning etter tur og gjer øvinga. Kven klarar seg best?
Utfordring: Kast fleire terningar samtidig. Klarer du å bli eit hoppande egg? Eller kva med ei skigåande påskelilje?

	Rull som eit egg Rull deg saman til eit egg. Rull rundt 3 gongar.	
	Hopp som ein hare Hald hendene på golvet mellom beina og hopp så høgt og langt du klarer 5 gongar.	
	Veks som ei påskelilje Rull deg ned som eit lite frø. Strekk deg sakte oppover heilt til kroppen er heilt utstrekt, så du nesten tek i taket.	
	Gå som ein kylling Gå minst 20 skritt medan du løftar beina høgt og held hendene på ryggen.	
	Gå påskeskitur Strekk ut armene med ein arm framme og ein arm bak. Strekk ut beina motsatt. Byt og skli som om du går på ski bortover minst 10 gongar.	
	Skriv PÅSKE med kroppen Stå eller ligg på golvet og form alle bokstavane i ordet PÅSKE med kroppen din.	



ROLF SITT FORTELJARHJØRE

PÅSKE



Snart er det påske. Kva tenkjer du på når du høyrer ordet påske? Kvifor feirar me eigentleg påske i kyrkja?

Visste du at påske er den viktigaste festen i kyrkja. Fordi i påska feirer me at Jesus døydde og stod opp att. Eg er ganske sikkert på at du likar godt som meg, å sjå film. Difor har eg i dag påskeforteljinga med som film. Scan inn QR-coden eller bruk YouTube-linken.

Filmen er frå [superblink.no](https://youtu.be/_N858baZdlw)
https://youtu.be/_N858baZdlw

SCAN ME



FINN PÅSKEORDA

Set ring rundt orda. Leit vassret og lodrett

A	M	R	A	T	N	W	E	N	U	I
Z	P	A	L	M	E	B	L	A	D	F
J	Å	F	K	Æ	S	Q	I	T	P	Y
K	Y	R	K	J	E	B	G	T	X	U
H	Ø	B	M	I	L	O	D	V	V	B
V	B	Y	D	K	U	N	I	E	Æ	Ø
P	I	S	T	O	R	N	A	R	G	E
S	B	C	Ø	R	X	S	C	D	U	I
J	E	S	U	S	Å	R	H	J	L	
Z	L	E	Q	L	T	G	R	A	V	I
W	I	O	Y	G	S	J	H	F	Å	K



God påske!
Eg skal stå på ski.
Kanskje?!



Påskegudsteneste med utdeling av nytestamente i Ulvik



Linda fortel og dramatiserer påskeforteljinga, med bilete på storskjerm i tillegg.



Magnar er ein kløppar til å visa rørsler til song.



Små og store gjekk til nattverd.



Dei frammøtte ti-åringane har fått nytestamentet sitt.



Borna fekk med seg blomar ved inngangen og bar dei til altaret.

TEKST OG FOTO: REDAKTØREN

Sjølv det var ei stund til påske, vart det annangert påskegudsteneste for born, samstundes med utdeling av nyttestamentet til ti-åringane. Prest Magnar og medhjelparane Jorunn, Linda og Astrid laga til påskegudsteneste som var skreddarsydd til borna. Påskeforteljinga og songane var tilpassa borna. Dei hadde ulike aktivitetar både til songane og forteljingane. For ein gammal pedagog så var dette heilt etter oppskrifta av John Dewey: «Learning by doing»! Høyra og sjå er viktig, men det ein gjer, både lærer og hugsar ein! Påskemåltidet høyrde med, og borna fekk gå til nattverd. – Som etter ein vanleg skuletime, var det friminutt, jamvel matfriminutt eller Kyrkjekaffi, som nokon kallar det, med noko godt for både store og små!



Borna har laga kross, og Astrid kjem med bollar forma som hanar. Dei skal symbolisera at hanen gol etter at Peter hadde svikta Jesus.

Påsketankar frå soknerådsleiaren i Eidjord

Vinteren er på hell sjølv om han klarar seg fast enno. Her eg bur, er det enno mykje snø på bakkane, og skiføre for dei som ynskjer det. Også denne vinteren har koronaen hatt eit godt grep om oss. Heldigvis ser omikronvarianten ut til å vera snillare enn dei føre-gåande variantane. No må me berre tru og håpa at det er siste rest av pandemien me står i. Samfunnet er opna opp att, og me har tilnærma vanlege kvardagar. No er det ikkje korona me fryktar mest. Den brutale og stygge krigen i Ukraina set ein god støkk i oss alle saman. Må dei grufulle handlingane ta slutt, og ikkje fleire liv gå tapt!

Påskan nærmar seg, og då tenkjer eg gjerne tilbake til då me var ungar og reiste til fjells på stølen vår. Det er gode minne der felleskap, leik og moro er det eg hugsar best. Stølen vår var liten, med kjøken, eit soverom, gang og stova. I tillegg til mursælet der me hadde tørrklosettet på vinterstid. Men at det var trengt og liten plass, hindra likevel ikkje at me var to familiar samla frå skjærtorsdag til 1.påskedag. I alt var me 9 personar, 4 vaksne og 5 ungar. På nabohytta var det og ein familie med tre ungar på same alder som oss. Om dagane gjekk me på lange og kortare skiturar. Eg har aldri likt å gå på ski, verken som barn eller vaksen, og var nok den som

gjekk bakerst og sutra. Men pausane var kjekke hugsar eg. I sekkane til dei vaksne var det god nista, kakao på termos, og appelsin som me putta sukkerbitar ned i. Ettermiddagane laga me hoppbakke utanfor hytta ilag med naboungane. Ofte ramla me før me nådde hoppkanten, så det var mykje jobb å reparera hoppet mellom kvart hopp. Kan ikkje hugsar at me knakk ski, sjølv med mykje knall og fall. Gutane i nabohytta vann nesten alltid, men moro var det likevel. Om kveldane sat me solbrente og trøytt og spelte kort eller kinasjakk.

Eg og min familie overtok stølen då mine ungar var små. Eg håpar og trur at me har greid å skapa gode minne for gutane våre. I alle fall er dei stolte av stølen vår, og tek gjerne med seg kompisar opp.


Med dette eg ynskjer alle ein god påske, fred i Ukraina og slutt på pandemien.

*Med helsing Kari Tveit Hovland
Leiar i Eidjord sokneråd*



Årsmøte i styret for Brubbyggjaren

Møtet vart halde i Eidfjord 15. mars. Kyrkjeverja i Eidfjord, Irene Vivali, var i karantene. Det gjekk veldig greitt, bortsett frå at ho ikkje fekk smaka lefsene. Knut Nes vart avløyrt som leiar av Kari Tveit Hovland.



Påskegudsteneste – alle gode ting er tre

For tredje år på rad skal me i Eidfjord kyrkje prøve oss med påskegudsteneste på fjellet. Me har bestilt fint vær, så denne gongen skal verken vær eller pandemi stoppa oss.

Liseth er plassen for dagen. Møt opp med godt humør og kanskje ei grillpølse på lur i sekken. Ta òg med noko å sitja på. Gudstenesta skal vera ute om været tillet det, elles skal me vera inne på Liseth Pensjonat. Etter gudstenesta inviterer me til kyrkjekaffi. Kyrkja sponsar kaffi, kakao og noko søtt. Me har med marshmallows for anledningen, ta med eigen pinne om du vil grilla desse. Det er også plass til pølser på bålpanna om du skulle bli ekstra svolten. Det blir akekonkurranse, så ta gjerne med heile familien. Her kan du skaffa deg både heider og ære - og mykje moro.

Gudstenesta startar til vanleg tid kl. 11.00.

Som dagane går...

Døypte

Døypte i Ulvik

Olav Bergo Gullaksen
Oliver Meel Pisani
Eileen Pettersen Hagen

Døypte i Eidfjord

Ina Riber
Vilja Bjørke Midtbø

Avlidne

Gravlagde i Ulvik

Liv Lindebrekke, fødd 1939
Johannes Prestegård, fødd 1943
Knut Atle Thorbjørnsen, fødd 1954
Marit Undeland, fødd 1933
Birgit Skeie, fødd 1930
Signy Hjelmevoll, fødd 1924
Aslaug Vikør, fødd 1916
Harald Sygnestveit, fødd 1943
Arnold Johan Hydle, fødd 1935

Gravlagde i Eidfjord

Brita J Hereid, fødd 1928
Synnøva G Myklatur, fødd 1927
Emma Laate, fødd 1932
Solveig O Varberg, fødd 1931
Astrid Maria Garen, fødd 1934
Paul Johansen, fødd 1931





Er du SVOLTEN, TØRST eller TRØTT
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.

Catering | Kafe & Kremmeri
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjøkt
www.eidfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64



Tlf. 913 77 113 E-post: rolff@ulvikvvs.no

DESIGN
for og PAPIR
og SKJERM



glynt.no

GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordabl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer

hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider
på tlf. 56 52 64 47
mob. 952 10554 / 952 13375

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 64 47

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall
kan me levera
blomahelsingar til dei pårørende,

kransar
båredekorasjonar
bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER NATURSTEIN AS
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordabl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



joker
- helt i nærheten

BUTIKK1 AS
5730 Ulvik
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Maskinentreprenør
Arne Osa
5730 ULVIK
TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



FJORØTIND
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.
Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // qvoringfoss@choice.no

Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
Mob. 907 54 533

Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte





Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
10.04.2022	11:00	søndag	Ulvik kyrkje	Palmesøndag
14.04.2022	20:00	torsdag	Ulvik kyrkje	Nattverdsgudsteneste
17.04.2022	11:00	søndag	Ulvik kyrkje	1. Påskedag
06.05.2022	18:00	fredag	Ulvik kyrkje	Samtalegudsteneste
15.05.2022	11:00	søndag	Ulvik kyrkje	Konfirmasjon
17.05.2022	09:30	tysdag	Ulvik kyrkje	17. mai
26.05.2022	11:00	torsdag	Ulvik kyrkje	Kristi himmelfartsdag
06.06.2022	11:00	måndag	Ulvik kyrkje	2. Pinsedag Gudsteneste
19.06.2022	11:00	søndag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
03.04.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste, Årsmøte
14.04.2022	18.00	Skjærtorsdag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
17.04.2022	11.00	1.påskedag	Eidfjord kyrkje	Høgtidsgudsteneste
04.05.2022	18.00	Torsdag	Eidfjord kyrkje	Samtalegudsteneste
07.05.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Konfirmasjon
17.05.2022	11.00	Sundag	Liseth kyrkje	Gudsteneste
22.05.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
12.06.2022	11.00	Sundag	Bu grendahus	Utegudsteneste
26.06.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
25.07.2022	18.00	Måndag	Eidfjord gamle kyrkje	Jakobsmesse

Me ønskjer å oppretta ei sms-teneste der dei som vil, får ei sms-påminning frå oss nokre dagar før gudstenesta. Ønskjer du å stå på lista, ta kontakt med kyrjekontoret i Eidfjord. 53 66 52 51 eller post@eidfjordkyrkje.no

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og ved gåver.
Vipps Ulvik kyrkje: 125390 - Vipps Eidfjord kyrkje: 127865

Søndagsskolen i Ulvik

Søndagsskolen i Ulvik er tilpassa born i alderen 4-10 år og møtest 3-4 gonger i halvåret. For informasjon om tidspunkt og aktivitetar, sjekk facebookgruppa "Søndagsskolen i Ulvik". Ta kontakt med Linda V M Praestiin på telefon 934 89 261 om du har spørsmål eller ynskjer å hjelpa til!

Konfirmantar 2022

ULVIK KYRKJE 15. MAI

Arnfinn Tellnes Aarekol

Martine Grønningsæter
Thorsen

Paul Müller

Peter-Olai Batta Solheim

Tillmann Hein-Grosser

Brede Aleksander Fossberg

EIDFJORD KYRKJE 7. MAI

Are Dalseid

Helene Aurdal

Selma Linnea Myklatun

Tobias Meel Myrvang

